



NORGES  
IDRETTSFORBUND  
Vestland idrettskrets



NORGES  
IDRETTSFORBUND  
Viken idrettskrets



# Nettverkssamling for FRAMTIDAS IDRETTSLEIARAR

## 2.-4. juni 2023

### Om nettverkssamlinga

Ungdomsutvala i Vestland idrettskrets og Viken idrettskrets inviterer til nettverkssamling for framtidens idrettsleiarar 2.-4. juni i samband med idrettstinget i Bergen. Hovudmålet til samlinga er å bruke idrettstinget 2023 til aktivt å rekruttere og gje kompetanse til fleire unge frå heile organisasjonen til vidare frivillig engasjement i idretten.

Nettverkssamlinga sitt hovudtema er Framtidens idrettsleiarar. I løpet av helga er målet at unge leiarar skal få inspirasjon og eit innblikk i korleis det er å vere leiar i norsk idrett på idrettstinget.

### Krav til deltaking

Nettverkssamlinga har nasjonal karakter og er open for alle mellom 15-26 år som har eit verv eller ei rolle i eitt av organisasjonsledda. Samlinga har totalt 50 plassar, og alle som ønsker å delta sender sjølv inn søknad i skjemaet under. Merk at deltakinga må vere avklart med det organisasjonsleddet som ein skal representere.

### Deltakarar under 18 år

Om organisasjonsleddet ønsker å sende representantar under 18 år, må føresette signere på samtykkeskjema. Dette sendast ut saman med stadfesting på tildelt plass.

### Økonomi

Det er ei deltakaravgift på kr. 1 000 som betalast av organisasjonsleddet. Måltid og overnatting er inkludert i deltakaravgifta.

### Praktisk informasjon

Nettverkssamlinga vil finne stad på Comfort Hotel Bergen Airport som ligg i gangavstand til idrettstinget. Samlinga vil ha oppstart fredag kveld. Det er lagt opp til at deltakarane skal vere observatører med oppgåver på delar av idrettstinget. I løpet av samlinga vil det også bli gjennomført besøk hos eit idrettslag.

Merk at samlinga vert gjennomført med forbehold om nok deltakarar innan 17. april 2023, og at finansering er på plass (det vert søkt Ung Frivillig Fond).

Meir informasjon og program for samlinga vil bli sendt til deltakar saman med stadfesting på tildelt plass.

### Søknad for å delta på samlinga

Søknadsfrist: 17. april 2023 kl. 23.59.

### Kontaktpersonar

Jeanette Heggen, leiar ungd.utvalet - mobil 469 69 536

Bodil Ryste, rådgjevar idrettsfag - mobil 975 18 349